

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Inga Jorunn Nåmdal	FA - C55	15/314

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2016	Formannskapet	PS	23.02.2016

Kulturminnevernmidlar 2016

Forslag til vedtak:

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 12.700.- 50 % av materialkostnadane, til Vegard Steinsland. Pengane skal brukast til reparasjon av selet og vedhuset på Otterstadstølen. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 60.000.- 50 % av materialkostnadane, til Trond Helland. Pengane skal brukast til restaurering av markaløe. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 13.400.- 50 % av materialkostnadane, til Øystein Senneseth. Pengane skal brukast til istandsetjing av bryggjarhus/vedskjul. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 87.500.- 70 % av materialkostnadane, til Einar Sofienlund. Pengane skal brukast til restaurering av kraftverket på Nottveit. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Saksopplysningar:

Målsetjing

Kulturminnevernmidlane skal vera eit aktivt tiltak for å ta vare på og sikra det lokale kulturminnevernet. Midlane skal og vera med på å skapa interesse for slikt arbeid i bygda. Modalen kommune kan gje tilskot på inntil 50 % av materialkostnadane til dette arbeidet.

Det er sett av kr. 200.000,- i budsjettet for 2016, til fordeling av kulturminnevernmidlar.

Søknad frå Vegard Steinsland, Otterstadstølen.

Stølshuset på denne stølen ligg i Otterstadstølen naturreservat. Det inngår i ei klynge med tilsaman 8 sel/lorar som dannar eit heilskapeleg stølsmiljø. Dette er den einaste stølen med så stor samling stølshus som er att i bygda og det er svært viktige å ta vare på og vedlikehalda dette miljøet.

Søknadsum kr. 32.242,- av dette er kr. 6891, utgifter til helikoptertransport, som vert ikkje dekkja av desse midlane.

Materialer kr. 25.351.- tilrådd 12.700.- 50 % av materialkostnader.

Søknad frå Trond Helland, utmarksløe i Hellandsdalen og eit uthus på garden.

Dei gamle markaløene i Modalen står på prioriteringslista i Kulturminnevernplanen og er i vernegruppe B. Det er ikkje mange att av dei, så det er viktig å ta vare på dei som står att. Denne løa er sett saman av to delar der halvparten er tømra og resten grindverk.

Søknadsum kr. 120.120.-

Tilrådd kr. 60.000.- 50 % av materialkostnadane.

Søkjaren har trekt tilbake søknaden om tilskot til restaurering av eit uthus på garden.

Søknad frå Øystein Senneseth, Mostraumvikje.

På denne garden er det mange gamle hus som krev vedlikehald, og eigaren har gjort ein stor innsats for å ta vare på dette verdfulle og unike miljøet. Kulturverntenesta i Nordhordland v/sivilarkitekt Arild Sætre, har vore på synfaring på garden for å vurdere tilstand og tiltak på det gamle vedskjulet/bryggjarhuset. Mellom anna må taket og kledningen skiftas ut.

Søknadsum kr. 26721.- Tilrådd 13.400.- 50 % av materialutgiftene.

Søknad frå Einar Sofienlund, restaurering av gammalt kraftverk på Nottveit og restaurering av gamal sjøbu på Nottveit.

Kraftstasjonen på Nottveit vart bygd i 1949 og gjorde gardane sjølvforsynte med straum fram til midt på 70 talet. Stasjonen er eit døme på anlegg som syner byrjinga av vasskraftutbygginga i Modalen. Kraftverket er det einaste som står att av dei gamle gardskraftverka i kommunen, og er slik eit verdfullt og sjeldent kulturminne som bør sikrast. Verket står i vernegruppe B i Kulturminnevernplanen.

Det vert søkt om midlar til røyrgate med meir. Inne i stasjonen trengst det berre ei overhaling. Eigaren har og planar om å rekonstruera den gamle saga og mylna i same området.

Eigaren søkjer om 80 % av materialutgiftene, søknadssum kr. 125.000.-

Kraftverket er eineståande i kommunen, og er verdfullt som historisk kjelde til kunnskap om fortida.

Det vert difor tilrådd å auka løyvinga til 70 % av materialkostnadane for dette prosjektet.

Tilrådd 87.500,- 70 % av materialkostnadane.

Einar Sofienlund søker og om midlar til fullrestaurering av ei sjøbu på Nottveit.

Dette naustmiljøet er eit godt døme på Modalen si tilknytning til fjorden. Det er eit av dei få naustmiljøa i Modalen kommune og eit viktig kulturminne når ein kjem sjøvegen. Eigaren fekk stønad til å ordna taket på sjøbua i 2013, men det må no gjerast ei omfattande restaurering, for å ta vare på bygget for ettertida.

Søknadsum kr. 120.000.-

Grunna manglande midlar vert ikkje stønad til Sjøbua prioritert i 2016.

Formannskapet - 011/2016

FOR - behandling:

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål til saka

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 12.700.- 50 % av materialkostnadane, til Vegard Steinsland. Pengane skal brukast til reparasjon av selet og vedhuset på Otterstadstølen. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 60.000.- 50 % av materialkostnadane, til Trond Helland. Pengane skal brukast til restaurering av markaløe. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 13.400.- 50 % av materialkostnadane, til Øystein Senneseth. Pengane skal brukast til istandsetjing av bryggjarhus/vedskjul. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 87.500.- 70 % av materialkostnadane, til Einar Sofienlund. Pengane skal brukast til restaurering av kraftverket på Nottveit. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Vedlegg:

Søknad om kulturminnevernmidlar til restaurering av uthus og gjenoppbygging av markaløe

Søknad om tilskot Otterstadstølen Stølshus

Søknad om kulturminnevernmidler til det gamle kraftverket på Nottveit

Søknad om kulturminnevernmidler til Sjøbu

Søknad om midlar til kulturminnevern

1+SV+_75158.pdf